

Bjørg Larsen (saksbehandlar)
Kultur og idrett
Hordaland fylkeskommune

18. april 2017

Søknad om delutbetaling av tilskot til arbeid med renovering av museumsbygg

Eg viser til to tildelingar om tilskot til Sunnhordland museum som kulturbygg med regionale funksjonar:

- kr 4 000 000 i 2014 (saksnummer 2014/543-45)
- kr 1 886 000 i 2015 (saksnummer 2015/2151-63)

På grunn av ekstraordinære omstende må Sunnhordland museum søkja om å få ei mindre delutbetaling i 2017, samt resterande midlar til bruk i realisering av byggeprosjektet frå og med 1. januar 2018.

Tilskota er svært kjemkomne og skal brukast i samband med intensjonen for tildelinga. For å få gjennomført det nødvendige byggeprosjektet ønsker me å bruka kr 300 000 på rådgivande konsulentar og/eller arkitekt i år. Det skal resultera i reviderte planar slik at finansiering frå fleire partar kan sikrast. Resterande tilskot ønsker me overført til bruk frå 1. januar 2018. Då kan me sikra at tilskota kan brukast saman med midlar frå fleire finansierande partar for realisering av prosjektet (stat, kommunar, private givarar).

I samsvar med retningslinjene for løyvde tilskot viser me til statusrapporten under som bakgrunn for vedtak av delutbetaling.

Statusrapport

Tildelingane frå fylket i 2014 og 2015 var begge tenkt som delfinansiering av ei omfattande modernisering av administrasjons- og museumsbygget til Sunnhordland museum på Stord.

Tildelingane skjedde i samsvar med fylkesrådmannens innstilling: «Sunnhordland Museum treng eit vesentleg løft. Sunnhordland Museum representerer eit viktig regionalt tiltak der behovet er presserande. Magasin og samlingar har utfordringar knytt til vasslekkasjar, maur, temperatursvingingar og ventilasjon. Det er totalt 8 forskjellig fysiske nivå i museet. Det manglar universell utforming i administrasjonsbygg og publikumsmottakinga. Og det er generell låg standard på museet, noe som avgrensar aktivitetane. Fylkesrådmann tilrår støtte til dette prosjekt.»

For å sikra at det også kjem statlege tilskot til prosjektet har Kulturdepartementet bede om revidert søknad. Sunnhordland museum skal prioritera dette arbeidet og vil senda fornya investeringssøknad om nasjonalt kulturbygg til departementet innan 1. mars neste år. Departementet av slo søknaden vår til statsbudsjettet i 2016, og viste til Kulturrådet si vurdering av søknaden. Denne vurderinga er no sentral i fornyinga og styrkinga av prosjektet.

Her er sentrale utdrag frå Kulturrådet si vurdering i samband med investeringssøknaden for 2016: «Dagens bygninger dekker åpenbart ikke museets behov, verken når det gjelder forvaltningsoppgaver eller formidlingstilbud. Museet mangler et ordentlig mottak for publikum og kan kun vise til provisoriske mottaksfunksjoner. Bygningsmassen bærer tydelig preg av forfall og slitasje, og museet sliter i dag med et betydelig vedlikeholdsetterslep. Eksisterende brann- og tyverianlegg er utdatert. Det er mange trappeoppganger i bygget, og ingen heis. Bygget tilfredsstillende ikke krav om universell utforming og tilgjengelighet, bygget trenger tiltak for å gjøre det mer tilgjengelig for alle besøkende. [...]

Museet bør utarbeide tydeligere spesifikasjoner for klima, lys og sikring. Disse må ta utgangspunkt i hvilke museumsgjenstander og materialtyper som planlegges oppbevart og formidlet, og hvilket

ambisjonsnivå museet har for framtidig aktivitet. For eksempel vil bruk av bygget til kunstutstillinger sette ekstra krav til god sikring.

Kulturrådet ser at utbygningen løser åpenbare behov museet har innenfor logistikk, vedlikehold og oppbevaring. Fornyelsen av administrasjonsbygget gjør museet mer attraktivt som besøksarena og vil kunne skape en tydeligere dialog mellom administrasjonsbygg og tun. Ut fra en samlet museumsfaglig vurdering er Kulturrådet positiv til søknad og tiltak.»

Ekstraordinær situasjon

Det var dessverre ikkje mogleg for Sunnhordland museum å arbeida vidare med byggeprosjektet i 2016. Museet har vore gjennom ein krevjande periode med underbemanning og økonomiske utfordringar. Dette har det no blitt rydda opp i, gjennom at det mellom anna er avvikla ei underavdeling som hadde negative følger for bruk av administrative ressursar og forsvarleg drift.

Museet fekk ny direktør 1. april som vil prioritera å ta rask kontakt med rådgivande konsulentar for å revidera bygningsplanane i tråd med tilbakemeldingane frå Kulturrådet over. I tillegg skal arbeidet opp mot andre finansierande partar intensiverast.

Sunnhordland museum skal i 2017 sikra at det blir utarbeidd oppdaterte prisar og kalkylar, og vil utarbeida ny plan for realisering. Det kan også tenkast at fornyinga bør gjerast i fleire byggesteg. Det kan både få starta opp eit viktig arbeid og samtidig hindra at løyvde midlar står ubrukte.

Planlagd framdrift


Prosjektet handlar om å få til ei gjennomgåande rehabilitering og ei mindre ombygging. Heile bygningsmassen må oppgraderast for å følge dagens lover og forskrifter, og krav til mellom anna universell utforming, sikring av gjenstandar og publikumsmottak.

For å realisera prosjektet vil Sunnhordland museum arbeida aktivt for å få på plass ei fullstendig finansiering av prosjektet det komande året, og her eit utkast til framdriftsplan for prioriterte aktivitetar og milepælar:

- Mai 2017: Hordaland fylkeskommune godkjenner delutbetaling i 2017 til rådgivande konsulentar og/eller arkitekt for revidering av byggeplanar, samt overføring av resterande midlar til bruk frå 1. januar 2018.
- Mai-desember 2017: Det blir jobba for å få med stat, kommunar og private givarar for å sikra raskare oppstart av ombygginga. Dette kan vidare utløysa tildelingar via for eksempel gåveforsterkingsordninga i regi av Kulturdepartementet.
- Oktober-desember 2017: Det blir vurdert tilsetjing av byggleiar, igangsetjing av detaljprosjektering og mogleg plan for etappevis ombygging.
- Februar 2018: Søknad til Kulturdepartementet
- Desember 2018: Vedtak over statsbudsjettet for 2019 som sikrar finansiering av prosjekt, og rask oppstart av bygging.

Me ettersender ytterlegare dokumentasjon om det trengst til behandlinga av saka.

Stord 18. april 2017



Håvard Tvedte
Direktør, Sunnhordland museum